

## Politikar-klapp for AFA-planar

12.05.2011



Politikarane har heile tida støtt sterkt opp som Tor Vidar Sæle (til høgre). Her er ordførar Synnøve Solbakken og varaordførar Synnøve handeland på vitjing ved verksemda.

3 år etter et han overtok som leiar for AFA kan  
Tor Vidar Sæle opplysa at  
arbeidsstokken har vorte dobbelt så stor og nærmar seg 50.  
Og i neste veke  
legg han fram for kommunen eit stort utbyggingsprosjekt  
som allereie er starta og som han presenterte for politikarane  
i formannskapet i dag.  
Dei klappa sterkt for det og for Sæle sine tankar  
rundt AFA sin rolle i tida som kjem.



**Her skal det bli bygg med både produksjonslokale og leilegheiter.**

- Dette var som balsam for øyro, sa han til uskedalen.no etterpå.

Det er det 1,5 dekar store produksjonsområdet kjøpt av Tor Eik planane gjeld.

Planeringa har kome langt og neste steg blir bygging av eit hus som ikkje berre skal romme produksjonslokale. For å finansiera ei investering på rundt ein million kroner blir det også planlagt 9 leilegheiter på 65-70 kvadratmeter.

Dei skal til dømes kunne nyttast av folk som av ein eller annen grunn har droppa ut av arbeidslivet og strevar med å komma inn att. For å hjelpe dei er det viktig med eit lag spel mellom fleire, ikkje minst NAV, kommunen og AFA..

Mange trur framleis at AFA i hovudsak tek inn psykisk utviklingshemma, men inntakskriteriane strekk seg langt utover det.

Ei arbeidstreningsprøve avgjer kva for ein knapp det skal trykkast på for å bringe vidare og attende i arbeidslivet dei som blir tekne inn ved den vitige verksemda i Uskedalen.

Men for å fungere best mogeleg treng AFA meir plass.

Etter det som vart sagt i formannskapet er det ingen tvil om at Sæle har samrøystes støtte frå politikarane.

- Det er fint i høyre at folk på denne måten kan få sin ny sjanse, sa ordførar Synnøve Solbakken. Ho tala varmt for vidare oppfølgjing av planane.

- Dette er veldig spennande, ein skapar ein meiningsfylt kvardag for folk som treng det, sa Otto Benjaminson (KrF).

Også Bjarne Berge (H), Øyvind Hardeland (Ap) og Gunnar Våge (Sp) uttrykte sin beigeistring for AFA og planane til den sitjande leiinga..

- Her er ein på rett veg, meinte Ap-politikaren.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen